



STORTINGET

Innst. 338 L

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
fra finanskomiteen

Prop. 107 LS (2019–2020), skattebetalingsloven ny § 15-4 og endring i SI-loven

Innstilling fra finanskomiteen om ny § 15-4 i skattebetalingsloven og endring i SI-loven (nye regler for utsatt betaling av skatt, avgift mv.)

Til Stortinget

Innledning

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fredric Holen Bjørdal, Svein Roald Hansen, Ingrid Heggø, Eigil Knutsen og Hadia Tajik, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, lederen Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad, Vetle Wang Soleim og Aleksander Stokkebø, fra Fremskrittspartiet, Sivert Bjørnstad, Hans Andreas Limi og Sylvi Listhaug, fra Senterpartiet, Sigbjørn Gjelsvik og Trygve Slagsvold Vedum, fra Sosialistisk Venstreparti, Kari Elisabeth Kaski, fra Venstre, Ola Elvestuen, fra Kristelig Folkeparti, Tore Storehaug, fra Miljøpartiet De Grønne, Une Bastholm, og fra Rødt, Bjørnar Moxnes, viser til at Prop. 107 LS (2019–2020) kapittel 6 om utsatt betaling av skatt, avgift mv. og tilhørende forslag om ny § 15-4 i skattebetalingsloven og endring i SI-loven § 8 behandles i denne innstillingen. Sttingsvedtak knyttet til Prop. 107 LS kapittel 2 og 12 behandles i Innst. 360 S (2019–2020). For øvrig behandles Prop. 107 LS (2019–2020) i Innst. 361 L (2019–2020).

Komiteen viser til anmodning fra finansministeren om fremskyndet behandling av saker i Prop. 107 LS (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020) i brev av

26. mai 2020, som følger som vedlegg til denne innstillingen. Komiteen viser for øvrig til at regjeringens vurderinger og forslag om utsatt betaling av skatt, avgift mv. er nærmere omtalt i Prop. 107 LS (2019–2020) kapittel 6.

Nye regler for utsatt betaling av skatt, avgift mv.

Sammendrag fra Prop. 107 LS (2019–2020) kapittel 6

I samband med virusutbrotet er det gjeve utsetjing med betaling av meirverdiavgift, forskotskatt, arbeidsgjevaravgift og finansskatt på løn, vegbruksavgift på drivstoff, grunnavgift på mineralolje mv., avgift på smørjeolje, CO₂-avgift på mineralske produkt, sovelavgift, avgift på alkohol, avgift på alkoholfrie drikkevarer og avgift på drikkevareemballasje. Skatteutsetjingane er i all hovudsak gjennomført ved at betalingsfristen er utsett for alle skatte- og avgiftspliktige. Utsetjingane er dermed rentefrie. Nær alle som driv verksemd, er omfatta av ei eller fleire av skatteutsetjingane.

Føretak med betalingsproblem som følgje av virusutbrotet og smitteverntiltaka bør framleis få moglegheit til å utsetje betaling av skatt og avgift. Ei lempeleg utsetjingsordning kombinert med ei normal marknadsrente vil ivareta dette omsynet. Då vil det ikkje vere lønsamt for føretak utan likviditetsvanskar å bruke betalingsutsetjingsordninga, og ho vil i større mon verte ei ordning for føretak med likviditetsvanskar. Samstundes vil renter på skatteutsetjingar gje verksemdar og næringsdrivande insentiv til å finne løysingar i marknaden for å dekkje deira likviditetsbehov.

Etter dagens reglar kan ein skuldnar få utsett betaling med renter etter skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og lov om Statens innkrevingsentral (SI-loven) § 8.

Vilkåra for utsett betaling er strenge. Det må gjerast ei individuell vurdering av livssituasjonen, økonomien og betalingshistorikken til den enkelte skuldnar. Vidare skal det normalt reknast vanleg forseinkingsrente frå forfall og fram til betaling. Forseinkingsrenta i dag er på 9,5 pst.

Departementet foreslår å opne for ei meir fleksibel ordning for utsett betaling for krav etter skattebetalingsloven og for krav som det kan gjevast utsett betaling for etter SI-loven § 8. Departementet foreslår at ordninga vert gjennomført ved nye forskriftsheimlar i skattebetalingsloven ny § 15-4 og SI-loven § 8 som opnar for at departementet kan gje føresegn om utsett betaling i økonomiske krisesituasjonar. Departementet foreslår at forskriftsheimlane òg skal opne for at departementet kan gje føresegn om nedsetjing av renter.

Forskriftene i medhald av lovheimlane skal gjelde førebels, og føresegnene i forskriftene skal berre gjelde for situasjonen dei skal avhjelpe. I medhald av lovheimlane vil departementet fastsetje ei forskrift om utsett betaling for dei som er råka økonomisk av virusutbrotet. Departementet foreslår at forskrifta skal opne for at utsett betaling kan verte gjeve i perioden 1. juli til 31. desember 2020.

Departementet foreslår at utsett betaling skal kunne gjevast med ei lågare rente enn forseinkingsrenta. Det vil vere svært ressurskrevjande for Skatteetaten å setje ned forseinkingsrenta etter søknad. Det vil krevje at renta vert rekna ut manuelt når perioden for utsett betaling er over og hovudstolen er nedbetalt. For å unngå manuell utrekning av renta vil departementet for perioden 1. juli til 31. desember 2020 fastsetje ei lågare forseinkingsrente for dei fleste skatte- og avgiftskrav og for enkelte andre offentlege krav der rente skal reknast etter SI-loven § 7. Den lågare forseinkingsrenta vil gjelde utan omsyn til om skattytar søker om utsett betaling. Ei slik lågare forseinkingsrente kan departementet fastsetje i forskrift med heimel i skattebetalingsloven § 11-7, SI-loven § 7 tredje ledd og dokumentavgiftsloven § 2.

Departementet foreslår å setje den lågare forseinkingsrenta til 6 pst. per år.

Ordninga med ei lågare forseinkingsrente vil redusere behovet for skjematisk nedsetjing av renter etter søknad. Departementet legg difor til grunn at nedsetjing av renter etter søknad som hovudregel skal behandlast etter dei vanlege reglane for nedsetjing i skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og SI-loven § 8.

Departementet foreslår at det ikkje skal vere høve til å klage over avgjersle gjort i medhald av forskrift til skattebetalingsloven § 15-4 og SI-loven § 8.

Utsett innbetaling av skattar og avgifter aukar faren for mishald, noko som òg reduserer inntektene til staten. På den andre sida vil rente på skatteutsetjingane gje renteinntekter. Den samla verknaden på provenyet av framlegget er vanskeleg å fastslå. Departementet legg til

grunn at renteinntektene svarer til rentetap og tapte skatteinntekter som følge av mishald. Departementet legg òg til grunn at ordninga ikkje vil ha vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar for Skatteetaten.

Departementet viser til framlegg til endringar i skattebetalingsloven § 15-4 og SI-loven § 8.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til regjeringens lovforslag.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lover

A.

Vedtak til lov

om endring i skattebetalingsloven

I

Ny § 15-4 skal lyde:

§ 15-4 *Betalingsutsettelse i økonomiske krisesituasjoner*

Departementet kan i forskrift gi særlige regler om betalingsutsettelse av skatte- og avgiftskrav og nedsettelse av renter i økonomiske krisesituasjoner.

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

B.

Vedtak til lov

om endring i SI-loven

I

I lov 11. januar 2013 nr. 3 om Statens innkrevingsentral gjer ein følgjande endring:

§ 8 tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om adgangen til betalingsutsettelse og betalingsnedsettelse etter denne paragraf, herunder i hvilke tilfeller adgangen til betalingsutsettelse skal være begrenset. *Departementet kan videre i forskrift gi særlige regler om betalingsutsettelse og nedsettelse av renter i økonomiske krisesituasjoner.*

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

Oslo, i finanskomiteen, den 29. mai 2020

Mudassar Kapur

leder

Vetle Wang Soleim

ordfører



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Finansministeren

Stortinget
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
20/2163 -

Dato
26 .05.2020

Anmodning om fremskyndet behandling av saker i Prop. 107 LS (2019-2020) og Prop. 117 S (2019-2020)

I Prop. 117 S (2019-2020) er det foreslått en ny midlertidig garantiordning i GIEK for re-forsikring av kortsiktig kredittforsikring. Ordningen skal bidra til risikoavlastning for tilbydere av kredittforsikring for å bidra til at de opprettholder sitt tilbud til bedrifter i Norge i en situasjon med økt risiko i markedet. Kredittforsikringsselskapene har varslet at de vil redusere sine tilbud av kortsiktig kredittforsikring hvis ikke det kommer et statlig tilbud på plass. Av hensyn til å opprettholde handel der kredittforsikring benyttes, vil det være en stor fordel dersom Stortinget kan behandle saken så raskt som mulig.

I Prop. 107 LS (2019-2020) Endringer i skatte-, avgifts- og tollavgivninga kapittel 6 er det foreslått nye regler for utsatt betaling av skatt, avgift mv. for de som er rammet økonomisk av virusutbruddet. Ordningen foreslås gjennomført ved nye forskriftshjemler i skattebetalingsloven § 15-4 og SI-loven § 8. Det er foreslått at forskriftshjemlene skal tre i kraft straks.


I medhold av forskriftshjemlene vil departementet gi forskrift om en forenklet ordning for betalingsutsettelse. Det kan også i dag gis betalingsutsettelse for skatt, avgift mv., men vilkårene for dette er strenge og søknadsprosessen er tidkrevende.

I proposisjonen er det uttalt at den forenklete ordningen for betalingsutsettelse vil gjelde for perioden 1. juli til 31. desember 2020. Det vil imidlertid være uheldig om det nye regelverket ikke er på plass i tide til at merverdiavgiftspliktige kan søke om betalingsutsettelse for 1. og 2. termin merverdiavgift, som begge forfaller til betaling 10.

juni i år. Det bes derfor om at vedtagelsen av forskriftshjemlene i skattebetalingsloven § 15-4 og SI-loven § 8 fremskyndes slik at det nye regelverket kan være vedtatt innen utgangen av uke 23.

I perioden fra kravet forfaller og frem til betaling skjer, vil det påløpe forsinkelsesrenter. Dette gjelder både når betalingsutsettelse innvilges etter gjeldende regler og etter forslaget til nye regler. Forsinkelsesrenten er i dag 9,5 pst. Sammen med forslaget til ny og forenklet ordning for betalingsutsettelse, legges det opp til å redusere forsinkelsesrenten til 6 pst. I proposisjonen er det lagt til grunn at den lavere rentesatsen skal gjelde for perioden 1. juli til 31. desember 2020. Departementet har forskriftshjemler til å sette ned denne renten i dag, og vil kunne fremskynde rentenedsettelsen slik at renten settes ned til 6 pst. allerede fra 10. juni.

Med hilsen



Jan Tore Sanner

